

Då «Eira» kom til Høgsfjord

— Av Jon Bergsåker —

Med ferjesamband Oanes-Forsand-Lauvik og med vegsamband Frafjord-Gilja fekk Høgsfjord frå 1960-åra eit nytt samferdslemønster.

Då dette ferjesambandet vart etablert i 1962, hadde ein i eit lite hundreår hatt rutesamband på langs av fjorden og til Stavanger. Det var i 1866 den første «Oscar» vart sett inn i Høgsfjord-rute, som den første propelldrevne rutebåten i lokalsamband i Rogaland.

Om det var interessentar som kjøpte «Oscar» hit til fylket og sette båten inn i rute mellom Stavanger og Sandnes og i Høgsfjord-rute, så var det G.A. Jonassen frå Skeiane, som dreiv forretningsverksam i Stavanger, som må sjåast som drivande kraft bak tiltaket. Det var også han som framleis stod i brodden etter eigar-skiptet i 1872 då Sandnes-interesser kom inn. Og det vart Sandnes som vidare framover skulle verta sæte for rutebåtferdsel på Høgsfjord, då med samband mellom desse fjordbygdene og Stavanger. Frå 1885 fekk ein framhaldet i Sandnes-Stavanger-Høgsfjord Damskipselskap med «Oscar II». Det var Sandnes som bygde opp båtsambandet mellom Høgsfjord og Stavanger. Då Sandnes Damskipsaktieselskap «nattruteselskapet» - vart skipa i 1892 var det også med tanke på ruteferd på Høgsfjord. Men for dette selskapet vart det berre Høgsfjord-fart i 4-5 sommar- og haustmånader dette året. Då krav-

de Bergens-farten den båtkapasiteten selskapet rådde over, nemleg «Sandnæs» som seinare vart seld til Det Stavangerske Dampskipselskap og vart «Sandeid» i fart på andre Ryfylkefjordar til forliset i stormvær på Mastrafjorden i 1951.

Fram til dei første 1890-åra hadde «Oscar»-båtane vore åleine om ruteferdsel på Høgsfjord, når ein ser bort frå nokre år kring 1880 då «Høgsfjord», ein lastebåt «der ogsaa har medtaget Passagerer», var i fart på fjorden i samband med korn- og mjøltransport for mølla i Oltesvik. Dette munne også ha vore medverkande til at passasjeretalet med «Oscar» i Høgsfjord-rute var omlag 30 prosent lågare i 1879/80 enn i 1878/79 og inntekta av varetransport halvert i same tida. Om Sandnæs Damskipsaktieselskap avgrensa sin Høgsfjord-fart til nokre månader i 1892, så kom det ny båt med eit par vekedagars Høgsfjord-ruter frå 1894. Det var «Strand» - som i 1922 vart kjøpt tilbake til Høgsfjord som «Hølefjord» - som Strand-Hommersand Damskipselskap då sette inn i eit rutemønster med Riska-Strand-Høgsfjord, inntil Det Stavangerske Dampskipselskap overtok i 1909 og heldt oppe visse Høgsfjord-ruter til 1914.

Ein reknar gjerne Høgsfjord Motorbåtselskap frå 1913 og Høle og Forsand Damskipsselskap frå 1922 som dei første eigenlege Høgsfjord-

tiltaka i samferdsle på fjorden. Det var då båtlag der høgsfjordingane sjølve var dei rådande, og med ruter som kunne setjast opp etter ynskje som folket i fjorden måtte ha til båt-sambandet med Stavanger.

Men ein må også sjå Høgsfjord-framstøytar i så måte i 1890-åra. Ein noterer seg at Høgsfjord skal ha hatt nærare 40 prosent av aksjekapitalen i Sandnæs Damskipselskap ved starten i 1892, og med Jonas Espedal som Høgsfjord-representant i styret. Det sterke Høgsfjord-innslaget her må ha vore med tanke på Høgsfjord-ruter, og mindre ei pengeplassering i Bergens-ruter, som det i røynda syntte seg å verta.

Interessant er det elles å merka seg at samstundes med skiping av dette nye Sandnes-selskapet, med ruteferd på Høgsfjord som ei av oppgåvene, gjekk det tidleg på året i 1892 ut ei innbyding frå Høgsfjord «til Tegning af Aktier i en Dampbaad til daglig Fart mellem Høgsfjord og Stavanger m. fl. Steder». I denne innbydinga får ein også veta om Høgsfjords særlege ynskje til rutemønster: Frå Høgsfjord om morgonen og tilbake frå Stavanger om kvelden, - i motsetnad til slik det hadde vore: Frå Stavanger om morgonen og tilbake til Stavanger om kvelden.

Det heiter m.a. i innbydinga: «Kravet paa en saadan Fart med Afgang fra Høgsfjord om Morgonen og Retur om Aftenen, har i lang Tid med Styrke været fremholdt, og der er Tid efter anden fra Høgsfjord tegnet Aktier i Dampbaade uden at dette høist nødvendige Krav end ikke i den minst mulige Udstrækning er bleven afhjølpet. Idet man har Grund til at formode, at dette saatsige Existensspøragsmaal for Høgsfjord fremdeles vil blive henskudd til Fremtiden, har man tænkt an skaffe en for Øiemedet passende Baad, noget mindre end «Oscar II», og til Indkjøb af en saadan formenes at ville medgaa Kr. 15 a 25 000, og naar Kr. 10 000 er tegnet, skal Tegningen være bindende, og et uansvarligt Aktieselskab dannet. Nyder Sagen Tilslutning,

SR-BANK FORSAND



Banken for bygda

Utfører vanlege bankforretningar.

Tlf. 64 37 70




ELEKTRISKE INSTALLASJONAR

VAGLE ELEKTRO A/s

4300 Sandnes - Tlf. (04) 67 48 22

Avd. Forsand v/Asbjørn Nygård Tlf. 64 35 82



«EIRA» etter maleri av P. Gulbrandsen

fortsattes Tegningen til Kr. 25 000». Vidare heiter det i innbydinga: «Man har tænkt sig Muligheden af Sammenslutning med «Oscar II»s Selskab».

Mellom dei som baud inn til aksje-teikning finn ein fleire med fremståande posisjon i Høgsfjord-samfunnet, også slike som både før og seinare var ordførarar i Høle og i Forsand: Rasmus Norland (Ordførar i Forsand 1886-87, 1890-93, 1899-1900. 1914-16) Thormod Schavland (ordførar i Forsand 1888-89. 1894-95), Guttorm Bergsaker (ordførar i Høle 1864-65, 1874-75, 1882-83, 1896-97), Rasmus Oanes (ordførar i Høle 1884-87), Tor Tesdal (lensmann i Høle og Forsand 1874-1918), - og vidare David Stangeland, Thormod Iversen, Tosten Tostensen, Kornelius K. Fossan, Martin Rossevig, O. Eskeland, Enok Svendsen, Torger J. Fossand, H. Magnussen, Gjesteland, Thore S. Hommeland.

Med det alternativet som vart halde ope i aksjeinnbydinga «Muligheden af Sammenslutning med «Oscar II»s Selskab» - skal ein ikkje sjå bort frå å kunna øyigna eit handslag til «Oscar» - selskapet i høve til det nye Sandnes-selskapet som nett då ville inn i Høgsfjord-fart. «Oscar» - selskapets 400 aksjer var fordelte med 200 i Sandnes, 110 i Høgsfjord og 90 i Stavanger.

Sandnes-Stavanger-Høgsfjord Damskibsselskab - «Oscar» - selska-

pet - sine protokollar er gått tapt ved brann, så ein har ikkje på det viset høve til å fylgja utviklinga - med meir detaljar - frå desse 1890-åra. Men ein tykkjest då kunna finna eit visst samband mellom aksjeinnbydinga frå 1892 for «Dampbaad til daglig Fart mellem Høgsfjord og Stavanger» og den aksjeutvidinga med 30.000 kroner som «Oscar»-selskapet fekk uti 1890-åra og som førde til kjøp av «Eira», som var ein båt «noget mindre end «Oscar II», som det heitte i Høgsfjord-innbydinga i 1892. «Eira» hadde sertifikat for 173 passasjerar, medan «Oscar II» i 1890-åra hadde sertifikat for 230.

Det tykkjest også stadfesta slik sambandsteori at etter «Eira» var kome i Høgsfjord-fart finn ein Rasmus Norland, ein av innbydarane i 1892, som styremedlem i Sandnes-Stavanger-Høgsfjord Damskibsselskab. Høgsfjord hadde elles hatt ein representant i «Oscar»-selskapet sitt styre frå 1880-åra med Ludvig Lima, som rett nok budde i Gjesdal, men hadde sitt samband over Oltesvik-bryggja, som i si tid var den «største» i rutebåtsambandet på fjorden.

Då «Eira» kom til Høgsfjord i 1896 og i eit kvart hundre år framover vart selskapet sin særlege Høgsfjord-båt, skal ein kunna sjå det som ein verknad av medveten i Høgsfjord-innsats frå 1890-åra, slik ein også kan lesa seg til i aksjeinnby-

dinga i 1892. Om ein ikkje fekk dagleg «Fart med Afgang fra Høgsfjord om Morgen og Retur om Aftenen», så fekk ein då til å byrja med alt frå sommaren 1896 to dagar i veka med morgonbåt frå Høgsfjord og ettermiddagsbåt frå Stavanger - ein ruteskipnad som Høgsfjord Motorbåtselskab frå 1913, og særleg Høle og Forsand Damskipselskab frå 1922, bygde ut til fast dagleg rutemønster. Det var eit rutemønster som vart vidareført med Høgsfjord Rute-lag frå 1937 og fram til avviklinga av den tradisjonelle ruteskipnaden i 1960-åra.

Men delar av Høgsfjords fremste rutemønster-ynskje i sambandet med Stavanger var det opphaveleg «Eira» som stetta, då denne rutebåten, som var bygd i 1891 ved Trondhjems Mek. Verksted for Romsdalens Damskibsselskab, kom til Høgsfjord i 1896, først med Tønnes Hana og sidan med Erik Håvarstein som førar.

Skal ein fylgja «Eira» etter at Sandnes-Stavanger-Høgsfjord Damskibsselskab avvikla sin heilårsfart på Høgsfjord midt i 1920-åra, finn ein båten - med nye eigarar - i rute på År-dalsfjorden og seinare i Øygarden ved Bergen. Sidan vart «Eira» ombygd til lastebåt - og det var under sil-detransport frå Vestlandet til Nord-Norge «Eira» forliste og «enda sine dagar» ved Kvænanger i Troms i 1952.